

Framleis piggdekkavgift i Bergen

(NPK): Statens vegvesen har bestemt at Bergen kommune ikkje kan fjerne piggdekkavgifta sjølv om byrådet vil gjere det.

– Å fjerne avgifta vil vere i strid med krava i Forureiningslova for lokal luftkvalitet. Bergen er pålagt å innføre effektive tiltak når forureininga går over dei sette grenseverdiane i over 35 døgn, slår

trafikkdirektør Ole Chr. Torpp fast i eit brev til kommunen.

Bergen innførte piggdekkgebyr og panteordning i oktober i fjor. I ein budsjettavtale som Høgre-byrådet i byen har inngått med Framstegspartiet, vart det bestemt at avgifta skulle fjernast etter ein sesong. Avtalen har også støtte frå Venstre og Kristeleg Folkeparti i bystyret. (©NPK)